



Ver med og gje ei gåve til innsamlingsaksjonen Saman mot demens.

Alt er klart for den årelege demensaksjonen i regi av Uskedal Helselag. Bøsseberarar er fotballjenter og helselagsmedlemer. Mellom kl. 17 og 19 vil alle få besøk på døra og med det høve til å gje ei gåve til Nasjonalforeningen for folkehelse sitt arbeid til forskning og førebygging av demens og hjarte- og karsjukdomar. Dersom du ikkje er heime, kan du mellom anna bruka VIPPS: 501209.

Målet med innsamlingsaksjonen Saman mot demens er få fram meir kunnskap om kva det er som skjer med hjernen frå normaltstand til den er sjuk. Med forskning og kunnskap vil ein finna ei behandling som gjev gode resultat.

Alzheimer og demens er ein alvorleg og dødeleg sjukdom uansett alder. Dei fyrste sjukdomsteikna kan vera vanskar med språket eller sviktande minne. Nokre merkar også endringar i humør og veremåte.

Om lag 80 000 menneske i Noreg har demens. Heile 350 000 er pårørande. I åra framover reknar ein med at talet vert dobla, om ein ikkje lukkast med å finna gode behandlingar.

Tak godt imot bøsseberarane i dag, onsdag 25. september, og ver med og støtta ei god og helsefremjande sak.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal